



Sissel Ragna Moldekleiv  
Bu heim 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7948 - 15/260

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
07.01.2015

## Gbnr 134/11 Hilland. Løyve til å dele frå bustadhus med tomt.

Eigedom: Gnr.134 bnr.11 Hilland  
Adresse for eiged.: Hillandsvegen 14, 5911 Alversund  
Type tiltak: Deling av grunneigedom, parsell med eksisterande bustadhus  
Heimelshavar: Sissel Ragna Moldekleiv og Knut Kåre Opedal  
Søker: Sissel Ragna Moldekleiv og Knut Kåre Opedal

### Saka gjeld:

Det vert søkt om løyve til å dele frå eksisterande bustadhus på gnr.134 bnr.11. Dette er ein tidlegare landbrukseigedom, som det i dag berre er ein rest att av.

Det er søkt om å dele frå hus med tomt på om lag 1000m<sup>2</sup>. Heile eigdommen har eit areal på 43,9da. Det er to teigar – ein rundt huset der det ligg noko tidlegare dyrka mark, og ein litt lenger sør på Hillandstangen. Dette er markert som skogsmark i gardskartet for eigdommen.

### Plansituasjon/dispensasjonar:

Eigdommen ligg innafor kommunedelplan for Alverstraumen. Området der bustadhuset ligg er sett av som eksisterande bustadområde, utan krav om regulering. Området i sør som ikkje vert råka av tiltaket no, er sett av til vegareal med krav om regulering. Dette siste er truleg i samband med framtidige planar for ny bru over Alverstraumen.

Det er såleis ikkje naudsynt med dispensasjon frå gjeldande plan for å gjennomføre tiltaket det er søkt om. Tiltaket ligg utanfor funksjonell strandsone og meir enn 100 meter frå sjøen.

### Nabovarsel:

Naboane har fått varsel om tiltaket, og har ikkje hatt merknadar.

### Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Huset har tilkomst i dag via gardsvegen. Når huset vert delt frå vil «eigdommen få vegrett til eksisterande veg til bustadhuset». Det er ikkje naudsynt å søkje om utvida rett til å køyre ut på kommunal veg. Huset er knytt til offentleg vassverk og offentleg avløp.



Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde.

**VEDTAK:**

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 1,0da tomt med eksisterande bustadhus frå gnr.134 bnr.11 slik det er søkt om og synt på kart i søknad motteke i kommunen 29.desember 2014.

Delinga er i samsvar med etablert og godkjend bruk.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld deling av tomt med alt eksisterande hus. Tomtestorleik vert om lag 1000m<sup>2</sup>. Vurdering i høve §26-1 om storleik er ikkje aktuelt.

Tomta ligg i eit område som i gjeldande plan er sett av til føremålet. Det er ikkje krav om regulering før tiltak kan gjennomførast.

Tiltaket er såleis ikkje i strid med gjeldande reglar på staden. Huset er alt etablert med godkjende løysingar for veg, vassforsyning og avløp.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

**Gebyr:**

Saka kom inn til kommunen i 2014, og gebyr vert sendt ut i samsvar med regulativet for 2014 vedteke av kommunestyret 20.03.14, gjeldande frå 31.03.14:

Deling i samsvar med arealføremål, området er uregulert kr.6300,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert full makt.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Sissel Ragna Moldekleiv  
Knut Kåre Opedal

Bu heim 1            5911  
Radøyvegen 10      5911

ALVERSUND  
ALVERSUND